



Frank Carlsen  
Svindalsvegen 150  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/6546 - 14/22467

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
03.10.2014

## Midlertidig dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg - gbnr 23/2 - Svindalsvegen

Teknisk drift viser til synfaring ved Svindalsvegen 150 den 01.10.2014 vedkommande søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg – gbnr 23/2 – Svindalsvegen.

Det vert søkt om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg som er 15m frå midt kommunal veg. Minste avstand som søkast dispensasjon for er 0,5m frå kant kommunal veg. Det vert søkt om løyve til å setje opp mur på kommunal veggrunn. Delar av arbeidet er allereie utført.

### Vedtak:

Teknisk drift vil gje ei eit midlertidig løyve til å etablere mur på kommunal veggrunn. Delar av mur er allereie ført opp. Minste avstand frå kant kommunal veg og ytterkant mur skal være minimum 0,5m. Der det er muleg å få til ei større avstand frå kant kommunal veg skal ein tilstrebe dette.

Det er under synfaringa inngått ei munleg avtale mellom Teknisk drift og Frank Carlsen der ein i ei prøveperiode på 1- 2 år skal sjå kva konsekvens murens plassering vil få for kommunal veg og drift og vedlikehald av denne. Etter denne perioden vil Teknisk drift vurdere om vegen må leggest om. Dersom det er naudsynt å leggje om kommunalveg, skal dette utførast og påkostes av Frank Carlsen. Teknisk drift kan ved omlegging av kommunal veg krevje at ein utfører makebytte slik at nytt vegareal erstattes av vegareal der mur står.

Muren skal være utforma slik at den blir til minst mogleg ulempe for kommunal veg.

**Vi gjer merksam på at tiltaket er søknadspliktig til byggesak etter plan og bygningslova.**

Det er med heimel i Veglova §§ 29-31 at vegmynde skal setje krav til tiltak langs offentleg veg. Vedtak er fatta i samsvar med gjeldande regelverk og på dei vilkår som nemnt i vedtaket.



**Klage:**

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

**Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkommande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Rune Kilen  
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Lindås kommune ved byggesak  
Kjetil Eikefet  
Rune Kilen

**Mottakarar:**  
Frank Carlsen

Svindalsvegen 150 5913

EIKANGERVÅG